

**Fra:** Morten Storebø (morten.storebo@austevoll.kommune.no)

**Sendt:** 27.02.2018 19:03:55

**Til:** Bjørn Inge Midtgård

**Kopi:** 'Anja Heggholmen'; Thomas Martin Larsen; Liv Margareth Østervold; Håkon Rasmussen

**Emne:** Re: Om vedtaka i Austevoll kommune gjeldande bompengar etter innføringa av AutoPASS

**Vedlegg:** image001.png;image002.png;image003.png;image004.png

Det er heilt riktig forstått!

Venleg helsing

**Morten Storebø**

ordførar



E-post: [morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Telefon: 55 08 10 00

---

**Fra:** Bjørn Inge Midtgård <Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no>

**Dato:** tirsdag 27. februar 2018 19:02

**Til:** Morten Storebø <morten.storebo@austevoll.kommune.no>

**Kopi:** 'Anja Heggholmen' <Anja.Heggholmen@dof.com>, Thomas Martin Larsen

<thomas.martin.larsen@austevoll.kommune.no>, Liv Margareth Østervold

<liv.ostervold@austevoll.kommune.no>, Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>

**Emne:** SV: Om vedtaka i Austevoll kommune gjeldande bompengar etter innføringa av AutoPASS

Ok, då registrerer eg at kommunen per dags dato berre har gjeve uttale i høve til å innføra bompengetakstar for nullutsleppskøyretøy. Kommunen har ikkje gjeve tilslutnad til AutoPASS omlegginga med tilhøyrande bompengetakstar for andre takstgrupper.

**Bjørn Inge Midtgård**

Seniорrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Morten Storebø [mailto:[morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)]

**Sendt:** 27. februar 2018 18:53

**Til:** Bjørn Inge Midtgård <Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no>

**Kopi:** Thomas Martin Larsen <thomas.martin.larsen@austevoll.kommune.no>; 'Anja Heggholmen'

<Anja.Heggholmen@dof.com>; Liv Margareth Østervold <liv.ostervold@austevoll.kommune.no>

**Emne:** Re: Om vedtaka i Austevoll kommune gjeldande bompengar etter innføringa av AutoPASS

Hei

Kommunestyret sitt vedtak i sak 32/18 utgjer kommunen si fråsegn og tek altså berre for seg nullutsleppskøyretøy.

Formannskapet sitt vedtak kan ikkje tolkast som tilslutnad til bompengepåslag for fossilkøyretøy: Austevoll kommune har derimot eksplisitt vedtatt at det ikkje er mogleg å ta stilling til bompengepåslag for fossilkøyretøy før Hordaland fylkeskommune gjer greie for konsekvensar for innføring av Autopass, særleg kva ferjebilletten kjem på.

Temaet har vore drøfta med politisk og administrativ leiing i Hordaland fylkeskommune i møter høvesvis 02.02.2018 og 08.12.2017. I møta har fylkesordførar og fylkesrådmann sagt at dei skal svare Austevoll kommune på dei spørsmåla me har stilt og problemstillingane me har peika på. Me har enno ikkje fått tilbakemelding frå fylkesleininga. Først når denne svært vesentlege informasjonen føreligg meiner Austevoll kommune at den har høve til å ta stilling til spørsmål knytt til bompengar for ikkje-nullutsleppskøyretøy.

Eg håpar dette var oppklarande. Ta gjerne kontakt viss du har fleire spørsmål.

Venleg helsing

**Morten Storebø**

ordførar



E-post: [morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Telefon: 55 08 10 00

---

**Fra:** Bjørn Inge Midtgård <[Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no](mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)>

**Dato:** tirsdag 27. februar 2018 18:44

**Til:** Liv Margareth Østervold <[liv.ostervold@austevoll.kommune.no](mailto:liv.ostervold@austevoll.kommune.no)>

**Kopi:** Morten Storebø <[morten.storebo@austevoll.kommune.no](mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no)>, Thomas Martin Larsen

<[thomas.martin.larsen@austevoll.kommune.no](mailto:thomas.martin.larsen@austevoll.kommune.no)>, 'Anja Heggholmen' <[Anja.Heggholmen@dof.com](mailto:Anja.Heggholmen@dof.com)>

**Emne:** Om vedtaka i Austevoll kommune gjeldande bompengar etter innføringa av AutoPASS

Hei, eg skriv sak om fylkeskommunen sin uttale til nye bompenger takstar for Austevollsbrua. Uttalen må skrivast ferdig innan i morgen, då det er siste arbeidsdagen min i HFK. Er det slik å forstå at vedtaket frå formannskapet i sak 011/18 og vedtaket i kommunestyret i sak 32/18 tilsaman utgjer kommunen sin uttale? I såfall har ikkje kommunen reint fomelt gjort vedtak om uttale til bompenger takst påslag for andre køyretøy enn for nullutsleppskøyretøya. Eller kan fylkesrådmannen tolka vedtaket frå kommunestyret som ein implisitt tilslutnad til eit bompengepåslag på 9 soner for «fosilkøyretøy».

**Bjørn Inge Midtgård**

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

UTDRAG FRÅ FYLKESRÅDMANNEN SITT SAKSFRAMLEGG:

**Høyring i kommunane**

Formannskapet i Austevoll handsama 13.02.2018 sak 011/18 «Nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar - Krokeide og Husavik – Sandvikvåg» og gjorde slikt vedtak;

«Austevoll formannskap meiner det er ikkje er mogleg å ta stilling til endring i bompengetakstar før Hordaland fylkeskommune har klargjort kva ferjetakstane vert ved innføring av Autopass. Austevoll formannskap er førelagt utgreiinga til Statens vegvesen med utrekning av kva ferjetakstane kan kome til å verta i sambanda Hufthammar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg. Det er oppgjeve at det vil kunne koste 311 kroner å ta ferja éin veg mellom Austevoll og Bergen for dei minste køyretøya, bil inntil 6 meter, utan rabattkort, inkludert bompengar. For Husavik-Sandvikvåg er prisen utrekna til 240 kroner. Austevoll formannskap meiner eit slikt prisnivå er uhaldbart. Ein konsekvens av skyhøge ferjetakstar kan bety at prisen for å reise mellom Austevoll og nabokommunar, særleg Austevoll og Bergen, vert for stor. Ifølge pendlartal er det dagleg i underkant av 1.000 personar som pendlar til eller frå Austevoll. Billettpisen for å reise til og frå Austevoll med køyretøy er på eit kostnadsnivå som kan utfordre samfunnets evne til å fungere som ein del av bu- og arbeidsmarknadsregionen Bergensregionen. I ytste konsekvens kan altså ferjetakstane prise Austevoll ut av bu- og arbeidsmarknadsregion kommunen i dag er ein integrert og viktig del av. Dersom dette skulle skje vil det ha øydeleggjande konsekvensar. I utgreiinga til Statens vegvesen vert det vist til mogleg endra reisevanar. Vegvesenet skriv: «Vidare kan omlegginga til AutoPASS-regulativet føre til endringar i trafikkdata. Når ferjebilletten for køyretøy vert vesentleg dyrare, samtidig som personar ikkje lenger skal betale ferjebillett, kan det stimulere til at folk endrar sine reisevaner. Særleg på ferjesamband der det er gode kollektivtilbod og mulegheiter for innfartsparkering, kan det tenkast at innføringa av AutoPASS-regulativ kan få innverknad på trafikktala.» Det har vore ein stor auke i talet på el-bilar. Ein ytterlagare og kraftig auke i ferjetakstane gjev grunn til å tru at utviklinga med vekst i delen el-bilar vil halde fram. Austevoll formannskap ønsker å peike på følgjande: · Det er eit stort tal passasjerar på ferjene til og frå Austevoll. Ifølge årsmeldinga til kollektivstrategien for Hordaland fylkeskommune reiste det 606.356 passasjerar på ferja mellom Hufthamar og Krokeide i 2016. Tala for alle fylkeskommunale samband var 4,4 millionar passasjerar. Når passasjerar skal reise gratis på ferjene gjev dette Hordaland fylkeskommune enorme inntektstap. Dette skal etter planen dekkast inn ved auke i takstar for køyretøy. Austevoll formannskap vil sterkt rá frå at dette vert gjort og oppmodar Hordaland fylkeskommune om å halde fram billettinnkrevjing for passasjerar og hindre auken i billettpisar for køyretøy. · Dei endra reisevanene som Statens vegvesen peikar på vil samstundes føre til at billettinntekter for personbilar vert utfordra. Held utviklinga fram, der ein stadig større del av køyretøya er el-bilar og betaler derfor mindre på ferja, så vil også billettinntektena frå køyretøy bli redusert og dermed gje ytterlagare inntektstap for Hordaland fylkeskommune. · Konsekvensar ved omlegging til Autopass kan også medføre meir samkøyring – og lågare billettinntekter for køyretøy – og eit umiddelbart behov for monaleg fleire parkeringsplassar, særleg på Krokeide i Bergen, og Hufthammar i Austevoll. Austevoll formannskap meiner derfor at Hordaland fylkeskommune må utgreie viktige problemstillingar før Autopass vert innført, og samstundes sørge for at det framleis skal betalast ferjebillett for passasjerar på ferjene. Austevoll formannskap understrekar at det er i Austevoll-samfunnets interesse at Hordaland fylkeskommune er økonomisk i stand til å oppretthalde og styrke rutetilbodet. Innføring av Autopass vil ikkje berre ha svært alvorlege konsekvensar i form av auka billettpisar på køyretøy – men det er truleg at dei samla inntektena også frå køyretøy vert redusert ved at ein endå større del av dei reisande køyrer el-bil og at reisevaner kan endrast ved at færre tek bil på ferja, men parkerer på kaiane, og at det blir meir samkøyring. Austevoll formannskap er ikkje i stand til å ta stilling til ei eventuell endring i bompengetakstar for nedbetaling av Austevollbruа før ovannemnte tema er drøfta og svart på av Hordaland fylkeskommune. Formannskapets vedtak vert sende til Hordaland fylkeskommune, Bergen og Fitjar kommunar, og Statens vegvesen.»

Kommunestyret i Austevoll handsama 22.2.2018, sak 032/18, «Innføring av bompengetakstar for nullutsleppskøyretøy», og gjorde følgjande vedtak:

«Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst tilsvarende 50% av taksten for andre kjøretøy. Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er

*betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutsleppskøyretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprosjekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av lokalsamfunnet.»*

Kommunestyret i Fitjar handsama 21.2.2018, sak PS 14/18, «*Nye bompengeretakstar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg*» og gjorde slikt vedtak:

*«1. Fitjar kommune tar til vitande at bompengeretakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet.*

*2. Fitjar kommune ber at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengeretakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsonar i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.»*

Bystyret i Bergen har per i dag ikkje gjeve uttale i saka. Bystyret gjev truleg uttale før handsaminga i fylkesutvalet.

---